



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2018 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 911 665 670
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: FJELBERG KRAFTLAG AS
Forretningsadresse: Bjoanesvegen 69
5454 SÆBØVIK

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2018 - 31.12.2018

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Kristoffer Vannes
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 17.06.2019

Grunnlag for avgivelse

År 2018: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2017: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2018

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 08.09.2020



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	3	31 901 000	29 573 000
Annen driftsinntekt		1 704 000	1 314 000
Sum inntekter	2	33 605 000	30 887 000
Kostnader			
Varekostnad	5	21 361 000	16 542 000
Lønnskostnad	4	5 137 000	3 842 000
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	6	3 282 000	2 383 000
Annen driftskostnad	4	8 047 000	7 107 000
Sum kostnader		37 827 000	29 874 000
Driftsresultat		-4 222 000	1 013 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt	8	145 000	265 000
Annen finansinntekt	8	3 713 000	3 764 000
Sum finansinntekter		3 858 000	4 029 000
Annan rentekostnad	8	526 000	540 000
Sum finanskostnader		526 000	540 000
Netto finans		3 332 000	3 489 000
Ordinært resultat før skattekostnad		-890 000	4 501 000
Skattekostnad på ordinært resultat	10	225 000	228 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		-1 115 000	4 273 000
Årsresultat		-1 115 000	4 273 000
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-1 115 000	4 273 000
Totalresultat		-1 115 000	4 273 000
Overføringer og disponeringar			



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
Konsernbidrag	9, 9	-1 115 000	4 273 000
Sum overføringar og disponeringar		-1 115 000	4 273 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	6	45 773 000	41 711 000
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	6	3 593 000	2 066 000
Sum varige driftsmiddel		49 365 000	43 776 000
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler	7, 13	25 322 000	25 323 000
Sum finansielle anleggsmiddel		25 322 000	25 323 000
Sum anleggsmiddel		74 687 000	69 099 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		1 074 000	657 000
Sum varer		1 074 000	657 000
Krav			
Kundefordringer		8 334 000	3 533 000
Andre fordringer	3	6 284 000	4 013 000
Sum krav		14 618 000	7 545 000
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	11	10 972 000	23 266 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		10 972 000	23 266 000
Sum omløpsmiddel		26 664 000	31 468 000
SUM EIGEDELAR		101 351 000	100 567 000

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
Eigenkapital			
Innskoten egenkapital			
Selskapskapital	9	182 000	196 000
Overkurs	9	541 000	482 000
Sum innskoten egenkapital		723 000	677 000
Opptent egenkapital			
Annen egenkapital	9	73 203 000	74 318 000
Sum opptent egenkapital		73 203 000	74 318 000
Sum egenkapital		73 926 000	74 996 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		15 750 000	15 750 000
Sum anna langsiktig gjeld		15 750 000	15 750 000
Sum langsiktig gjeld		15 750 000	15 750 000
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	12, 13		
Leverandørgjeld		6 076 000	3 816 000
Betalbar skatt	10	225 000	228 000
Skyldige offentlige avgifter		2 152 000	2 774 000
Annen kortsiktig gjeld		3 223 000	3 003 000
Sum kortsiktig gjeld		11 675 000	9 822 000
Sum gjeld		27 425 000	25 572 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		101 351 000	100 567 000



Fjelberg Kraftlag



Årsmelding 2018



Fjelberg Kraftlag SA

Årsmelding og rekneskap for 2018

71. driftsår

<u>Innhald</u>	<u>side</u>
Dagleg leiar har ordet	3
Årsmelding frå styret	4
Resultatrekneskap	11
Balanse	12-13
Kontantstraumsanalyse	14
Noter til rekneskap 2018	15-20
Melding frå revisor	21



Dagleg leiar har ordet.

Me er avhengig av stabil straumforsyning. Den viktigaste oppgåva til Fjelberg Kraftlag er å driva og utvikla straumnettet til det beste for våre kundar. Dei største klimatiske utfordringane i vårt forsyningsområde er sterk vind og torevær. Gjennom fornying av eldre anlegg kombinert med eit godt vedlikehald gir me kundane stabil og god leveranse.

Styresmaktene ynskjer å få til ei strukturendring av kraftbransjen. Stortinget har vedtatt å innføre eit selskapskilje for alle kraftselskapa i Norge. Dette inneberer at Fjelberg Kraftlag, som har all verksemd i eitt og same selskap, må organisera konkurranseutsett og monopolbasert verksemd i ulike selskap. Slike krav vil bli svært krevjande å møte på ein god måte for små kraftselskap, og saman med andre myndigheitskrav vil det nærmast vera umogleg å oppretthalda Fjelberg Kraftlag som eit sjølvstendig selskap framover. Det er difor rett og nødvendig at Fjelberg Kraftlag går inn i eit større selskap som vil løysa NVE sine krav framover. Ein fusjon vil legge til rette for effektiv drift, god forsyningstryggleik, god beredskap og utjamning av nettleiga for kundane.

Mai 2018 signerte styret i Fjelberg Kraftlag intensjonsavtale med mål om fusjon med Haugaland Kraft. Som eit ledd i fusjonsprosessen vedtok styret 8. november omdanningsplan for omdanning av Fjelberg Kraftlag til aksjeselskap og 6. desember, i ekstra ordinært årsmøte, med rekordhøg deltaking, gav medlemene med eit overveldande fleirtal si tilslutning til saka.

2018 har vore eit aktivt år. Utrullinga av AMS målarane og tilpassing til ELHUB er utført i tråd med overordna framdriftsplan. AMS prosjektet legger vidare til rette for nettnytte løysingar, og Fjelberg Kraftlag har difor valt å ta i bruk spennings-, jordfeils- og temperaturovervaking i alle nettstasjonane. I distribusjonsnettet har me sett i drift nettstasjonane Dale, Fiskerihamn, Sunnhordland Folkehøgskule og Halsnøy Dokk kor sistnemnde er tilrettelegging for landstraum til oljeriggar. Planleggingsarbeidet med elektrifisering av ferjesambanda Ranavik, Sydnes og Borgundøy er i full gang og alle desse skal vera i drift innan 1.1.2020.

Fjelberg Kraftlag har lojale kraftkundar med ein marknadsdel på 88,6%. Me leverer berre kraft i vårt konsesjonsområde. I januar 2019 betalte me ut kjøpeutbytte på 1,8 mill. kr til våre medlemmar.

Me har dyktige medarbeidarar som kvar dag står på og gjer sitt beste for Fjelberg Kraftlag sine kundar. Ein organisasjon med seks tilsette krev at me er fleksible, løysningsorienterte og endringsvillige. Arbeidsoppgåvene er blitt løyst på ein god måte.

Til slutt vil eg nytta høvet til å retta ein stor takk styret og tilsette for innsatsen og samarbeidet i 2018.

Kristoffer Vannes
Dagleg leiar



Eigartilhøve og føremål

Fjelberg Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkeføretak. Det vart skipa 10. mars 1947 som eit partlag, men vart, med verknad frå 1.juni 2009, eit samvirkeføretak (SA) med vedtekter tilpassa samvirkelova som kom i 2007. Ved årsskiftet 2018/2019 har laget 1149 medlemmer. Laget sitt forsyningsområde er det som tidlegare var Fjelberg kommune og som omfattar Halsnøy, Fjelberg øyane, Valen og Handeland.

Hovudføremålet for laget er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i forsyningsområdet gjennom å eiga, eller delta som eigar av produksjonsanlegg for energi, infrastruktur for energiforsyning og elektronisk kommunikasjon.

Styret

Kraftlaget har eit styre som består av 5 medlemmer og 3 varamedlemmer som er valde av årsmøtet. Etter siste årsmøte har styret vore samansett slik:

		Valperiode:
Leiar:	Sverre Olav Handeland	2018-2019
Nestleiar:	Knut Hveem	2017-2019
Styremedlemmer:	Harald Sætre Arnevik	2017-2019
	Liv Iren Brekke	2018-2020
	Hildegunn Eiane Aarthun	2018-2020
Observatør frå dei tilsette:		
	Ingolf Sjø	2016-2018
Varamedlemmer:	1. Grete Lise Sjø	2018-2019
	2. Kjell Henning Sjø	2018-2019
	3. Tore Thorkildsen	2018-2019

Det har vore halde 9 styremøte og eit ordinært og eit ekstraordinært årsmøte i 2018 og styret har hatt 33 saker til handsaming dette året.

Eigarinteresser og medlemskap

Kraftlaget har 111.216 aksjar i Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) bokført til kr 22.598.000,-, noko som inneber ein eigardel på 2,98 %.

I tillegg har kraftlaget desse eigarpostane:

- 0,5% i Fastlandssamband Halsnøy AS (bokført til kr 1.000,-)
- 20 % i Kvinnherad Breiband AS (bokført til kr 2.550.000,-)
- 23% i Dill AS (bokført til kr.150.000,-)
- 0,5% i Validør AS (bokført til kr 24.400,-)

Kraftlaget er medlem i Energi Norge, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet (REN), IFER Interesfefellesskap for energiverka i regionen, Kvinnherad Næringservice og AktiMed (tidl.Haugaland-HMS.)



Eigedomar og nett

Fjelberg Kraftlag har følgjande eigedomar:

Administrasjonsbygg med kontor, lager, verkstad og garasjar på eigedomen på Bjoaneset, Sæbøvik.

Transportmidlar: Ein lastebil, 4 varebilar og ein truck.

Høgspent fordelingsnett har ei samla lengd på 70 km, og lågspent fordelingsnett på 189 km. Tal på netstasjonar i 2018 er totalt 106.

Marknad / kundar

Kraftlaget har betalt ut kr 1,8 million (inkl. mva) i kjøpsrabatt til medlemene beregnet på forbruk i år 2018. Kjøpsrabatt vert fordelt i høve til medlemene sin omsetning med laget.

Kraftomsetning

Fjelberg Kraftlag har som målsetjing at kundane skal ha ein konkurransedyktig kraftpris, og har vald som hovudprodukt å tilby innkjøpspris + påslag. Kraftlaget sel berre kraft til kundar i eige nettområde.


Kraftlaget sin kraftomsetning til sluttbrukarar i eige nettområde vart i 2018 redusert med 11,4 % samanlikna med 2017, frå 35,9 GWh til 31,8 GWh. Andre kraftleverandørar i nettområdet stod for ei omsetning på til saman 4,3 GWh.

Nettleige

Selskapet hadde 2071 nettkundar ved utgangen av 2018.


	År 2017	År 2018
Innmata kraft til området	41,6 GWh	38,40 GWh
Nett tap	(5,3 %) <u>-2,2</u> GWh	(6,1 %) <u>-2,33</u> GWh
Overført kraft til kundar	39,4 GWh	36,07 GWh

Sum innmating av kraft (forbruk + tap i nettet) til vårt nettområde har utvikla seg slik:



Organisasjon

Fjelberg Kraftlag er organisert slik:



Kraftlaget hadde ved årsskiftet 31.12. 2018 7 tilsette, fordelt slik:

- Dagleg leiar / e- verksjef:	1,0 årsverk (innleigd frå HK Nett AS)
- Økonomi og kundekontakt:	1,0 årsverk
- Teknikar AMS ansvarleg	1,0 årsverk
- Overmonter / arbeidsleiing	1,0 årsverk
- Montører	3,0 årsverk
Totalt	7,0 årsverk

Selskapet leiger tenester for el-tilsyn (DLE), overordna vakt samt rekneskaps-, løns- og økonomitenester.



Likestilling

I selskapet er det ein kvinneleg tilsett med 1 årsverk innan administrasjonen. Selskapet er i ein bransje som tradisjonelt er svært mannsdominert. Selskapet vil i eventuelle søknader etter nytt personell spesielt oppmoda kvinner om å søke. Av selskapet sine styremedlemmer er 40 % kvinner og 60 % menn.

Helse- miljø og tryggleik

Det var i 2018 ikkje registrert arbeidsulukker med fråvær. Samla sjukefråvær var 3,2 % mot 4,2 % i 2017.

Kraftlaget har vald verneombod, men har ikkje oppretta arbeidsmiljøutval. Ein er vidare medlem i International SOS for alle tilsette. Selskapet sine tilsette har gjennomført lovpålagd årleg opplæring i 2018. Fjelberg Kraftlag er ei bedrift som ikkje ureinar det ytre miljøet.

Nettdrift og vedlikehald

Kraftforsyning / Nettdrift

Fjelberg Kraftlag dekkjer eit område på ca. 60 km² (tidlegare Fjelberg og deler av Skånøvik kommunar, no del av Kvinnherad kommune) med ca. 3.000 innbyggjarar.

Anlegg

I samsvar med retningslinjer og krav er det gjennomført tilstandskontrollar av nettstasjonar, linjer og jordelektrodar. I tillegg har me drive med hogging av skog langs lågspent og høgspentlinjer, med eigen ansatte og innleige. Me har fått utvida hogsttrasear hos enkelte grunneigarar, og dermed auka tryggleiken for desse linjepartia. Dette er noko me jobbar med kontinuerleg.

I samband me montasje av nye AMS straummålarar har me utført mykje arbeid i nettstasjonane vår for å samle inn måleverdiar. Det er lagt til rette for nettnytte løysingar, og me har difor valt å ta i bruk spennings-, jordfeils- og temperaturovervaking i alle nettstasjonane.

I distribusjonsnettet har me sett i drift nettstasjonane Røysarhaug Vest (Eidsmarka), Dale, Fiskerihamn, Sunnhordland Folkehøgskule og Halsnøy Dokk kor sistnemnde er tilrettelegging for landstraum til oljeriggjar.

Planleggingsarbeidet med elektrifisering av ferjesambanda Ranavik, Sydnes og Borgundøy er i full gang og alle desse skal vera i drift innan 1.1.2020.

Driftsavbrot

2018 har det vore 15 registrerte avbrot på høgspentnettet. Av desse var 5 feil på eige nett, 1 feil på andre nett og 9 planlagde utkoplingar.



Veglys

Fjelberg Kraftlag utfører drift og vedlikehold av kommunale veglys på oppdrag frå Kvinnherad kommune. For nyare veglysanlegg langs riks- og fylkesvegar er det Statens vegvesen som har ansvar for drift og vedlikehold.

Beredskap

Fjelberg Kraftlag har døgnkontinuerleg beredskapsordning med montør på heimevakt og felles overordna vakt med Kvinnherad Energi. Selskapet tek også del i eit felles beredskaps-samarbeid i regionen. Fjelberg Kraftlag er ein del av kraftforsyninga si beredskapsorganisasjon(KBO).

Det lokale el-tilsyn (DLE)

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har pålagt DLE (Det lokale el-tilsyn) ved Fjelberg Kraftlag å ivareta tilsynsverksemda i Fjelberg Kraftlag sitt forsyningsområde. Dette er gjennomført i samarbeid med SUNEL

I 2018 har DLE utført følgjande:

- Bustadhus/leigebustadar er utført 65 kontroller.
- Hytter er det totalt utført 18 kontroller.
- Kontroll av 10 nyanlegg.
- Verifikasjonar er det foretatt 26 kontroller herunder 25 revisjoner av foretak.
- Elsikkerhetsgjennomgang er foretatt med heimesjukepleie/sjukepleie samt pensjonistane i Tysdagsklubben.
- Skuleundervisning blei i samarbeid med DLE-ansvarleg utsatt til 1.kvartal 2019 i påvente av nytt skuleundervisningsopplegg.

Energiøkonomisering (ENØK)

I områdekonsesjonen er Fjelberg Kraftlag pålagt å driva ENØK verksemd. Dette vert no ivareteke av det statlege selskapet Enova og vert finansiert gjennom 1,0 øre/kWh som ein del av nettleigetariffane.

Selskapets utvikling og posisjon i lokalsamfunnet

Styret ønskjer å byggja vidare på selskapet sin solide posisjon i lokalsamfunnet i dei bygdene som utgjer selskapet sitt nettområde med kraftforsyning som hovudføremål og kjerneverksemd. Selskapet har gjennom året betalt ut kultur- og nærmiljøtiltak med 0,33 MNOK. I tillegg har me gjennom året sponsa andre lokale aktivitetar.

Krav om effektiv drift, god forsyningstryggleik og beredskap, samt andre vesentlege endringar i rammevilkåra, gjer det svært krevjande å oppretthalda selskapet som eit sjølvstendig selskap på dagens nivå.



Mai 2018 signerte styret i Fjelberg Kraftlag intensjonsavtale med mål om fusjon med Haugaland Kraft. Som eit ledd i fusjonsprosessen vedtok styret 8. november omdanningsplan for omdanning av Fjelberg Kraftlag til aksjeselskap. 6. desember, i ekstra ordinært årsmøte, vedtok årsmøte omdanningsplanen etter rekordhøg deltaking .764 (90,09 %) røysta for og 84 (9,91%) røysta mot.

Resultatet og balansen

Rekneskapen syner, etter ei omsetjing på 33,605 mill. kr, eit resultat før skatt på -0,890 mill. kr og eit årsresultat etter skatt på -1,115 mill. kr. For 2017 var årsresultatet etter skatt 4,273 mill. kr.

Årsresultatet frå 2017 har endra seg med 5,388 mill. kr som skriv seg frå følgjande endringar:

- Inntektene har auka med 2,718 mill. kr
- Energikjøpskostnadane har auka med 4,291 mill. kr
- Kostnadar til overleggjande nett har uka med 0,528 mill. kr
- Auke i personalkostnadane med 1,295 mill. kr
- Auke i avskrivningar på 0,899 mill. kr
- Auke i andre driftskostnadar på 1,072 mill. kr
- Reduksjon i stønadstiltak på 0,131 mill. kr
- Reduksjon i finans på 0,157 mill. kr

Kraftomsetjinga bidreg med eit driftsresultat på -1,448 mill. kr og nettverksemda bidreg med eit driftsresultat på -2,509 mill. kr. Akkumulert mindreinntekt pr. 31.12 utgjør 5,350 mill. kr. Øvrig verksemd bidreg med -0,061 mill. kr.

Totalkapitalen var ved utgangen av året 101,351 mill. kr samanlikna med 100,567 mill. kr året før. Den frie eigenkapitalen var ved utgangen av året 73,203 mill. kr. Sum eigenkapital ved utgangen av året utgjør 73,926 mill. kr som gir ein eigenkapitalprosent på 72,74% samanlikna med 74,57% året før.

Investeringane i eigne anleggsmidlar er finansiert med eigne midlar. Gjennom året er det investert for 9,2 mill. kr der 7 mill. kr er investert i distribusjonsnettet, 2 mill. kr er investert i utstyr, transportmidlar og 0,124 mill. kr er investert i bygningar. Soliditeten er god, og eigenkapitalen på 72,74% gir ei god finansiering av varige anleggsmidlar.

Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar er -3,129 mill. kr. Til investeringsaktivitetar er det brukt 9,2 mill. kroner. Finansaktivitetar har netto tilført 0,043 mill. kroner. Likviditeten utgjorde ved utgangen av året 10,972 mill. kr.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilde av utviklinga og resultatet i selskapet for året og stillinga ved årsskiftet. Det har ikkje skjedd noko i tida etter at årsrekneskapen blei avlagt som har vesentleg innverknad på resultatet. Styret har lagt til grunn framleis drift av Fjelberg Kraftlag SA.



Resultatdisponering

Fjelberg Kraftlag SA er eit allmenntilgjort samvirkeføretak med skiftande medlemstal og kapital. Den viktigaste oppgåva til Fjelberg Kraftlag er å driva og utvikla straumnettet til det beste for kundane våre. Vidare skal me forvalte kapitalen slik at den gjev ei langsiktig og stabil inntekt. Med bakgrunn i dette er det styret si meining at framlegget til resultatdisponering er i samsvar med våre mål.

Styret sitt framlegg til disponering av årsresultatet for 2018:

- kr. -1.115.000,- vert overført frå annan eigenkapital.

Sæbøvik 28. mai 2018
Styret i Fjelberg Kraftlag SA


Sverre Olev Handeland
Styreleiar


Knut Eriksen Hveem
Nestleiar


Harald Sætre Arnevik
Styremedlem


Liv Iren Hillestad Brekke
Styremedlem


Hildgunn Eiane Aarhun
Styremedlem


Kristoffer Vannes
Dagleg leiar



Fjelberg Kraftlag Sa

Resultatrekneskap

Alle tal i 1000 kr

NOTER	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2018	2017
	Salsinntekter energi	13 653	11 364
3	Salsinntekter nett	18 247	18 209
	Andre inntekter	1 704	1 314
2	Sum driftsinntekter	33 605	30 887
5	Enegekjøp m.v.	15 168	10 877
	Overføring overliggjande nett	6 193	5 665
4	Løn og personalkostnader	5 137	3 842
6	Avskrivningar	3 282	2 383
4	Andre driftskostnader	7 879	6 807
2	Sum driftskostnader	-37 659	-29 574
	Driftsresultat før stønadstiltak	-4 053	1 313
	Stønadsmidler til kultur og nærmiljøtiltak	0	300
	Stønadsmidler vegfinansiering	169	0
	Driftsresultat etter stønadstiltak	-4 222	1 013
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
8	Rente og finansinntekter	145	265
8	Aksjeutbytte	3 713	3 764
8	Rente og finanskostnader	-526	-540
	Netto finansposter	3 332	3 489
	Ordinært resultat før skattekostnad	-890	4 501
10	Skattekostnad på ordinært resultat	-225	-228
	Ordinært resultat	-1 115	4 273
	EKSTRAORDINÆRE POSTER		
	Overføringer		
9	Avsett til annan egenkapital	0	4 273
9	Overføring frå annan eigekapital	-1 115	0
	Sum overføringer	-1 115	4 273



Fjelberg Kraftlag SA

Balanse pr. 31. desember

Alle tal i 1000 kr

NOTER	EIGEDLAR	2018	2017
	Anleggsmiddel		
	Varige driftsmiddel		
6	Bygninger og fordelingsnett	45 773	41 711
6	Maskinar, inventar og lignande	3 593	2 066
	Sum varige driftsmiddel	49 365	43 776
	Finansielle anleggsmiddel		
7, 13	Investeringar i aksjar og partar	25 322	25 323
	Sum finansielle anleggsmiddel	25 322	25 323
	Sum anleggsmiddel	74 687	69 099
	Omløpsmiddel		
	Materiallager		
	Krav	1 074	657
	Kundekrav		
3	Fordring mindreinntekt	8 334	3 533
	Andre krav	5 350	3 690
		934	323
	Sum krav	14 618	7 545
11	Bankinnskott, kontantar og lignande	10 972	23 266
	Sum omløpsmiddel	26 664	31 468
	SUM EIGEDLAR	101 351	100 567




Fjelberg Kraftlag SA
Balanse pr. 31. desember

Alle tal i 1000 kr

NOTER	GJELD OG EIGENKAPITAL	2018	2017
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
9	Partskapital (ikkje innløyst)	182	196
9	Medlemskapital	541	482
	Sum innskoten eigenkapital	723	677
	Opptent eigenkapital		
9	Annan eigenkapital	73 203	74 318
	Sum opptent eigenkapital	73 203	74 318
	Sum eigenkapital	73 926	74 996
	Gjeld		
	Gjeld til kredittinstitusjonar	15 750	15 750
	Sum anna langsiktig gjeld	15 750	15 750
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	6 076	3 816
10	Betalbar skatt	225	228
	Diverse trekk, offentlege avgifter	2 152	2 774
	Anna kortsiktig gjeld	3 223	3 003
	Sum kortsiktig gjeld	11 675	9 822
	Sum gjeld	27 425	25 572
	SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	101 351	100 567


Sæbøvik, 28.05.2019
Styret i Fjelberg Kraftlag SA



Sverre Olav Handeland
styreleiar


Knut Eriksen Hveem
nestleiar


Harald Sætre Arnevik
styremedlem


Liv Iren Hillestad Brekke
styremedlem


Hildegunn Eiane Aarthun
styremedlem


Kristoffer Vannæs
dagleg leiar



Fjelberg Kraftlag SA

Kontantstrømanalyse

Alle tal i 1000 kr

	2018	2017
KONTANTSTRØMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:		
Ordinært resultat før skattekostnad	-890	4 501
Periodens betalte skatt	-228	-321
Ordinære avskrivningar	3 282	2 383
Endring i materiallager	-417	161
Endring i kundekrav	-4 801	458
Endring i leverandørgjeld	2 260	-121
Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar	-2 335	1 091
Netto kontantstrømer frå operasjonelle aktivitetar	-3 129	8 152
KONTANTSTRØMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:		
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidler	-9 208	-12 725
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-9 208	-12 725
KONTANTSTRØMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:		
Innbetaling av egenkapital	57	2
Tilbakebetaling av egenkapital	-14	0
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	43	2
Netto endring i bankinnskott, kontantar og liknande	-12 294	-4 571
Beholdning av bankinnskott, kontantar og liknande pr 01.01.	23 266	27 837
Beholdning av bankinnskott, kontantar og liknande pr 31.12.	10 972	23 266



Fjelberg Kraftlag SA

Noter til årsrekneskapen 2018

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Alle tal i 1.000 kr om ikke anna er oppgitt.

Rekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslov og god rekneskapskikk.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som vert betalt tilbake innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved vurdering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er vurdert til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom denne er lågare enn bokført verdi, og det ikkje er venta at verdifallet er forbigående. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive etter fastsett plan.

Langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Aksjar og partar i tilknytt selskap

Investeringar i tilknytte selskap vurderast etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi når det er venta at verdifallet ikkje er forbigående og det er nødvendig etter god rekneskapskikk. Mottatt utbytte og konsernbidrag frå tilknytt selskap er inntektsført som finansinntekt.

Aksjar og partar klassifisert som anleggsmidlar

Investeringar i aksjar og partar der selskapet ikkje har monaleg påverknad, er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall når det er venta at dette ikkje er forbigående. Mottatt utbytte frå selskapa er inntektsført som finansinntekt.

Varer

Varer er vurdert til lågaste av innkjøpskost og netto salsverdi.

Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når varen/tjenesten er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Fordringar

Kundekrav og andre krav er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvart einskild krav.

Bankinnskott, kontantar og liknande

Bankinnskott, kontantar og liknande inkluderer kontantar, bankinnskott og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter, vert fordelinga fastsett etter skjønn.

Skattar

Skattekostnad i resultatrekneskapen er periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Skattekostnad og betalbar skatt gjeld berekna formuesskatt som vert betalt i påfølgande år og korrigeringar frå tidlegare år.



Fjelberg Kraftlag SA

Noter til årsrekneskapen 2018

Note 2 Verksemdsfordelt rekneskap

	Kraft- omsetnad	Distri- busjon	Andre tenester	Sum selskap
Kraftsal eksternt	13 653	-	-	13 653
Overføringsinntekter	-	18 247	-	18 247
Andre inntekter	3	47	1 654	1 704
Sum inntekter	13 656	18 294	1 654	33 605
Kraftkjøp	13 872	-	-	13 872
Kostnader overliggjende nett	-	6 193	-	6 193
Andre varekostnader	-	-	1 296	1 296
Sum kjøpskostnader	13 872	6 193	1 296	21 361
Sum bidrag	-216	12 101	358	12 244
Personalkostnader	381	4 422	334	5 137
Andre driftskostnader	843	6 935	101	7 879
Avskrivningar	10	3 255	17	3 282
Sum driftskostnader	1 234	14 612	452	16 298
Driftsresultat før stønadstiltak:	-1 450	-2 511	-94	-4 053

Note 3 Meir-/Mindreinntekt

Beregning av tillatt inntekt

Inntektsramme	14 258
Avvik mer-/mindreberegning tidligere år	26
Kostnader overliggende nett	4 930
Eiendomsskatt	285
Justering for tidsetterslep i avskrivningar/avskrivingsgrunnlag	1 928
KILE	(229)
Tillatt inntekt for året	21 198
Reduksjon av tillatt inntekt som følge av overskridelse av maksimal mindreinntekt	(3 010)
Justert tillatt inntekt for året	18 188

Beregning av faktisk inntekt

Overføringsinntekter	16 524
Andel purregebyrer/morarenter	47
Overskudd ventetariff	-
Andre inntekter	16
Sum faktiske inntekter	16 587
Årets meir-/mindreinntekt	4 611
Reduksjon av tillatt inntekt som følge av overskridelse av maksimal tillatt mindreinntekt	(3 010)
Rente på meir-/mindreinntekt	59
Årets meir-/mindreinntekt	1 660

Inngående balanse meir-/mindreinntekt	3 690
Årets endring i meir-/mindreinntekt inkl. rente	1 660
Utgående balanse meir-/mindreinntekt	5 350

Maksimal lovleg balanseføring av mindreinntekt er 25% av tillatt inntekt før KILE-kostnader



Fjelberg Kraftlag SA

Noter til årsrekneskapen 2018

Note 3 Meir-/Mindreinntekt forts.

Beregning av tidsetterslep i avskrivningar/avskrivningsgrunnlag			
Avskrivningar for 2 år siden			
Avskrivningar i år			2 271
Avvik avskrivningar			3 252
			981
Avkastningsgrunnlag for 2 år siden			
Avkastningsgrunnlag i år			32 045
Avvik avkastningsgrunnlag			47 563
NVE-rente			15 518
Korreksjon for avvik i avkastningsgrunnlag			6,10 %
			947
Sum justering for tidsetterslep i avskrivningar/avskrivningsgrunnlag			1 928
Avkastningsgrunnlag:			
Driftsmidler	31.12.2017	31.12.2018	Gj.snitt
Nettoarbeidskapital 1%	40 866	47 092	43 979
Sum avkastningsgrunnlag	409	471	440
	41 275	47 563	44 419
Driftsresultat distribusjon			
Avkastning i %			-2 511
			-5,65 %

Note 4 Personalkostnader og ytingar til leiande personar

Lønnskostnad	2018	2017
Lønn		
Folketrygdavgift	5 162	4 984
Pensjonskostnader	679	586
Andre ytingar	1 177	622
Sum	81	74
Aktivert løn til egne investeringar	7 099	6 266
Netto lønnskostnader i resultatrekneskapen	-1 962	-2 424
	5 137	3 842
Årsverk sysselsett i regnskapsåret	7	7

Ytingar til leiande personar	Løn	Pensjonskostnader	Annen godtgjerse
Dagleg leiar			
Styret	653	10	11
	251	-	-

Tidligere dagleg leiar slutta i 2018 og kostnadane gjeld perioden 1. januar til 31. mai. Ny dagleg leiar er innleigd frå Haugaland Kraft Nett AS, og er ikkje ansatt i selskapet.

Pensjon

Selskapet sitt pensjonsansvar er sikra ved kollektiv pensjonsordning. Kostnadsført beløp for pensjon tilsvarer betalt premie. Selskapet har ikkje innarbeidd generelle forpliktingar i rekneskapen. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava til obligatorisk tenestepensjon.

Revisor

Godtgjerse til revisor i 2018 utgjer 115, herav 96 for lovpålagt revisjon og 19 for andre tenester.

Note 5 Energikjøp

Sluttbrukarmarknaden:

Innkjøp av kraft for vidareasal til den største gruppa av sluttbrukarkundar skjer til løpande spotpris. Ei gruppe næringskundar har avtale om kjøp på ein forvaltningsavtale som sikrar dei fastpris for kvart heile leveringsår. Kjøp til denne porteføljen vert gjort som sikringshandel av finansielle kontraktar gjennom Fjordkraft Alliansen.

Fjelberg Kraftlag har stilt bankgaranti mot Nordpool med 244.000 EUR



Fjelberg Kraftlag SA

Noter til årsrekneskapen 2018

Note 6 Varige driftsmidler

	Distrib. nett	Bygninger og tomt	Utstyr, transportm., verktøy o l	Anlegg under utførelse	Sum
Innkjøpskost 01.01.	66 250	5 987	7 128	2 629	81 994
Tilgang kjøpte driftsmidler	7 061	124	2 023	-	9 208
Avgang	-	-	-	706	706
Innkjøpskost 31.12.	73 311	6 111	9 151	1 923	90 496
Akk. avskrivningar 31.12.	32 637	3 077	5 415	-	41 129
Akk. nedskrivningar 31.12.	-	-	-	-	-
Bokført verdi pr. 31.12.	40 674	3 034	3 736	1 923	49 365
Årets avskrivningar	2 642	119	521	-	3 282
Årets nedskrivningar	-	-	-	-	-
Avskrivningsrate	2 - 4 %	2 %	7 - 33 %	-	-
Avskrivningsplan	lineær	lineær	lineær	avskrives ikke	-

Note 7 Anleggsaksjar

	Eigde aksjar	Antall aksjar	Eigarandel	Balanseført verdi
Kvinnherad Breiband AS	40	200	20,00 %	2 550
Sunnhordland Kraftlag AS	111 216	3 747 542	2,97 %	22 598
Validér AS	244	4 880	0,50 %	24
Dill AS	50	324	15,43 %	150
Sum				25 322

Note 8 Rente- og finansposter

Rente- og finansinntekter		
	2018	2017
Renter av bankinnskott	101	241
Annen renteinntekt	41	-
Aksjeutbytte	3 713	3 764
Agio vinning	3	24
Sum finansinntekter	3 858	4 029
Rente- og finanskostnader		
	2017	2017
Rentekostnader	419	409
Renter partsutløsningar	108	5
Agio tap	-	127
Sum finanskostnader	526	540



Fjelberg Kraftlag SA

Noter til årsrekneskapen 2018

Note 9 Partskapital, medlemskapital og eigarinformasjon

Fjelberg Kraftlag gjekk 1.6.2009 fra å vere eit partslag til å vere eit samvirkelag. Gamle partar vil verte innløyste ved at partsinnskott vert betalt attende med tillegg av rente frå teikningsåret. Alle gamle partshavere har fått godskrive eit medlemsinnskott kr 500.

Kapitalen i selskapet pr 31.12.18 består av:

	Antall	Bokført
Medlemskapital	1 146	541
Sum	1 146	541

Alle personar som er busette i, eller organisasjonar med forretningsadresse i Fjelberg Kraftlag sitt forsyningsområde, og som kjøper varer eller tenester frå laget, kan vera medlem. Alle medlemmer har lik rett til å røyste på årsmøtet.

	Parts- midlar	Medlems- innskott	Annen eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.	196	484	74 318	74 996
<u>Årets endring i eigenkapital:</u>				
Netto innløyising av partar	-14	57	-	43
Årets resultat	-	-	-1 115	-1 115
Eigenkapital 31.12.	182	541	73 203	73 926

Note 10 Skattekostnad

Betalbar skatt	2018	2017
Resultat før skatt	-890	4 501
Permanente forskjeller	-3 523	-3 542
Endring i midlertidige forskjeller	-937	1 184
Overført til/fra fremførbart underskudd	5 350	-2 143
Grunnlag betalbar skatt	-	-

Årets skattekostnad:	2018	2017
Betalbar formuesskatt	225	228
Betalbar inntektsskatt	-	-
Korrigert skatt tidligare år	-	-
Skattekostnad ordinært resultat	225	228

Betalbar skatt i balansen:	2018	2017
Betalbar formuesskatt	225	228
Betalbar skatt i balansen	225	228

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskott til framføring:

	2018		2017	
	Fordel	Forpliktning	Fordel	Forpliktning
Driftsmidlar	4 355		4 206	
Fordringar	987		596	
meir-/mindreinntekt		5 350		
Underskott til framføring	18 760		13 409	3 873
Sum	24 102	5 350	18 211	3 873
Netto utsett skattefordel (22% - 23%)	4 125		3 298	
Ikkje balanseført utsett skattefordel	4 125		3 298	
Netto utsett fordel/forpl. i balansen	-	-	-	-



Fjelberg Kraftlag SA

Noter til årsrekneskapen 2018

Note 11 Bankinnskott

Bankinnskott, kontantar o.l. omfattar bundne skattetrekksmiddel med 272.

Note 12 Annen langsiktig gjeld

Gjeld som forfaller mer enn fem år etter regnskapsårets slutt:

	2018	2017
Gjeld til kredittinstitusjoner	15 750	15 750
Sum annen langsiktig gjeld	15 750	15 750

Lånet er avdragsfritt frem til 25.06.2021.

Note 13 Pantstillelser og garantier m.v.

Bokført gjeld som er sikret ved pant og lignende

	2018	2017
Gjeld til kredittinstitusjoner	15 750	15 750
Sum	15 750	15 750

Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld

	2018	2017
Aksjer Sunnhordland Kraftlag AS	22 597	22 597
Totalt	22 597	22 597



Deloitte.

Deloitte AS
Sundgaten 119
Postboks 528
NO-5501 Haugesund
Norway

Tei: +47 52 70 25 40
www.deloitte.no

Til årsmøtet i Fjelberg Kraftlag SA

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Fjelberg Kraftlag SA sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 1 115 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvísande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvísande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS



side 2
Melding frå uavhengig revisor -
Fjelberg Kraftlag SA

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkta i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000



Deloitte

side 3
Melding frå uavhengig revisor -
Fjelberg Kraftlag SA

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 28. mai 2019
Deloitte AS



Jørn Marcussen
statsautorisert revisor